



## Notat

Til: Hogne Askeland

Kopi til:

Saksbehandler: Kultur- og sørvistorget/Bente Kopperdal Hervik  
Vår referanse: 16/1933 - 6 / gbnr - 93/2  
Dato: 17.01.2017

### Emne: Gnr 93/2 Straume - riving av løe - uttale frå kulturminneansvarleg

Viser til brev datert 5. januar der de ber om uttale frå kulturminneansvarleg om riving av løe på gnr 93/2 på Straume. Løa som er søkt rive er sefrak-registrert og meldepliktig i høve til kulturminnelova.

Underteikna var saman med Arild Sætre på synfaring på løa 12. januar 2017. Løa har stått ubrukt i mange år og har forfalle. I dei siste stormane har også tak og veggar fare, og løa slik den står i dag utgjer ein sikkerheitsrisiko ved sterk vind.

Løa er ei typisk grindverksløe slik som var vanleg i vårt distrikt. Løa slik den står i dag er mest sannsynleg sett opp etter utskiftinga, men ein del bygningsdelar som stavar og snedband må vera eldre. Stavane er kraftige, noko som kan tyda på at dei er mykje eldre enn byggjeår. Særleg interessant er den eine staven ved inngangen til løa, som har ein del båtteikningar rissa inn. Det er ein tømra flor i løa med tømmer av ulike årganger.

Kulturminneansvarleg meiner at det kan gjevest løyve til riving av løa. Det bør setjast som vilkår i løyvet at Museumssenteret i Hordaland skal varslast i forkant av riving slik at dei kan vera tilstades og ta unna stavar og snedband som skal lagrast som arkiveksemplar. Kulturverntenesta i Nordhordland har gjennomført ein fotodokumentasjon og oppmåling av løa og slik sikra kunnskap om dette kulturminnet.

Som nemnd er tiltaket i utgangspunktet meldepliktig etter kulturminnelova. Underteikna har vore i kontakt med spesialrådgjevar Inger Lena Gåsemyr hjå fylkeskommunen som seier at dei ikkje ynskjer saka på høyring til dei, då fylkeskommunen meiner at kommunane sjølv skal ta avgjersle i saker som gjeld kulturminne med lokal verdi. At løa er dokumentert, og utgjer ein sikkerheitsrisiko slik den står, spelar også inn her.

Med venleg helsing

Bente Kopperdal Hervik

Post

postmottak@radoy.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

[www.radoy.kommune.no](http://www.radoy.kommune.no)

Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634

rådgjevar kultur